

Folkemøte om grusbana - årsmøte flytta**31.01.2014**

Etter årsmøtet til Uskedal Utvikling onsdag til veka vert det ope folkemøte om den framtidige bruken av grusbana og anna sentrumsareale for framtidige fritidsaktivitetar.

Arbeidsgruppa førebur sak til årsmøtet og vil ha synspunkt frå alle brukargrupper. Det er allereie avvikla møte for og med ungdommen som kom med mange gode idear.

Grusbanemøtet kjem umiddelbart etter årsmøtet som tek til klokka 19. Det vert flytta frå Gamleskulen til skulen fordi det vert lagt nytt golvbelegg i Gamleskulen til veka

Arbeidet startar måndag og held på til og med fredag og det er Uskedal trelastlager ved Tor Eik som gjer jobben.

Kafe Tiaren og møte tysdag kveld går etter oppsett plan. Det kjem meir informasjon til helga, melder styret.